



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

1/2012

Mars • Årgang 19



## Rett frå dunken



### Hyttekonteinar for hyttefolk!

Fastbuande og dei som driv med utleigehytter/leiligheter skal ikkje nytta hyttekonteineren. Dei skal ha dunkar som for fastbuande.

Syt for at du plasserer boset inni hyttekonteineren og ikkje på utsida, at det ligg bos på utsida av konteineren treng ikkje bety at den er full. Ofte skuldast det at folk ikkje tek seg bryet med å kasta avfallet gjennom innkastluka. Og er det først kome bos på utsida, kjem det gjerne meir. Grunnen til at innkastlukene er så små, er at det ikkje skal vera råd å kasta større gjenstandar i konteinarane.



# Populær sentral

*SIM har miljøsentral i alle kommunane, der du kan levera og sortera avfall. Våre kundehandsamarar står klare til å hjelpe. I Kvinnherad er det Thomas Fjelland Eide (t.v.) og Oscar Langballe du kan spørja om hjelp.*

Miljøsentralen er ein populær stad for mange no når våren er her. Det skal ryddast og det skal kastast. SIM sine miljøsentralar hadde i 2011 over 34 000 vitjande. Noko som var ein auke på 2,5 % frå året før. 2012 ser ut til å bli nok eit år med auke i besøkstalet. Ved miljøsentralen kan du kvitta deg med avfall som du ikkje får plass til i bosdunken, eller som du ikkje har lov å kasta der.

I tillegg kan du kjøpa kompostmold og plenblanding ved alle SIM sine miljøsentralar.

Les meir om dette tilbodet på side 4. Produkta er framifrå som jordforbetningsmiddel eller topplag på grasplenar og i bed.

Får du med deg naboane på rydding utandørs, er det berre å be SIM senda sekker til å samla boset i. Les meir om SIM sine ryddeaksjonar på side 2 og 3. Eller du kan kontakta SIM på telefon 53 45 78 50, eller bruka vår nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as)

# Vår og tid for ryddeak



*Solveig Vik er ei av dei som har nytta høvet til å få rydda i nærmiljøet ved hjelp av SIM sin ryddeaksjon.*

Våren er ryddetid og mange vellag, burettslag og andre er i gong med å rydda nærområdet sitt. Ryddeaksjonen varer heile året, ikkje berre nokre veker om våren. Avfallet som vert samla inn må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Der kan det leverast kostnadsfritt.

Ryddesaksjon



# 2012

#### Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag og andre grupper av friviljuge som ynskjer å rydda område som andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova (sjå slutten av artikkelen).

#### Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemdar
- Arrangør av tilstelling

#### Døme på område som kan ryddast

- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar
- Strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for

#### Korleis melda seg på?

Bruk påmeldingsskjemaet på [www.sim.as](http://www.sim.as) (klikk på «Privat» og vel deretter «Ryddesaksjon (årleg)»).



# sjonar!

## Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer om tiltaket er innanfor føremålet til ryddeaksjonen. Dersom det er det, sender SIM bossekker til den som er ansvarleg for tiltaket. Dette er spesielle sekker som kun kan nyttast i ryddeaksjonen.

## Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall. Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå [www.sim.as](http://www.sim.as) for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.

## Kan skular og barnehagar vera med?

Nei. Skular og barnehagar er kommunale einingar og fell utanom ordninga. Men SIM kan vera med og diskutera løysingar for desse og andre som vil rydda rundt anlegga sine, eller gjera ein ryddejobb for næringslivet.

## Er det råd å få betaling for å rydda?

Nei. SIM sitt bidrag er å ta imot avfallet og dekkja kostnadene med etterbehandling av det.

## Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er *vegeigar* som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv *daglegvarehandel*, *kiosk*, *bensinstasjon* eller liknande skal setja opp boskorger på sitt område, *sørgja* for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. *Arrangør av tilstelling eller stemne* skal *sørgja* for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal *kommunen* setja opp boskorger på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømme dei og *sørgja* for at området er ryddig.

## Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinjene for ryddeaksjonen, sender du søknad likevel.

## Rydd Sunnhordland

Parallelt med den årlege ryddeaksjonen går «Rydd Sunnhordland», som er eit litt «annleis» ryddetiltak.

I «Rydd Sunnhordland» ber SIM folk melda frå om område som er forsøpla og treng rydding. SIM vil deretter prøva å finna ut kven som «eig» boset, hjelpa vedkomande i gang med

ryddinga og prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Den som melder frå treng med andre ord ikkje rydda sjølv, det er nok å tipsa. Døme på områder me ynskjer melding om: Villfyllingar i skog og mark, bilvrak som ikkje vert fjerna, eller tilgrisa strender.

SIM sin ryddeaksjon «Rydd Sunnhordland» har resultert i opprydding mange stader.



## Dunkbytte kan ta fem veker

Det kan ta opptil fem veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer «oppsamlingsheat» med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar femte veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du henta den sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melda frå til SIM på førehand.

*Eivind Hystad er ein av dei som byter dunkar for SIM.*



## Heimekompostering krev avtale

Ein av fem SIM-abonnetar komposterer matavfallet sitt sjølv. Dermed slepp dei å betala gebyr for biodunken og får samstundes grøderik jord til å ha i hage og bed.

Dersom du ynskjer å prøva heimekompostering, må du først ta eit «kurs» i emnet. Dette kan du ta elektronisk på vår nettstad, [www.sim.as](http://www.sim.as). Du kan også be om å få kurset tilsendt i posten.

## Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2012 skal dei møtast fredag 27.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

## Kjeldesortering på framandspråk

SIM har laga kjeldesorterings-rettleiing på 10 ulike språk. Alle kan lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as)



# Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 150,- for ein liten tilhengjar. I Svartasmoget er det mogeleg å kjøpa større mengder. Kunden må sjølv ha med tilhengjar. I Svartasmoget, på Heiane og Husnes er det råd å få hjelp til å lessa på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.

*Driftsoperatør Einar Breivik  
lagar kompostjorda gjennom  
rankekompostering i Svartasmoget.*



*SIM har for sal framifrå kompostjord og plenblanding på alle sine miljøsentralar.*

## Har du rett abonnement?

SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Du kan tilpassa abonnementet til ditt behov; anten ved å bestilla oftare/sjeldnare tømning av restavfall, be om større/mindre bosdunk, dela dunkar med andre eller kompostera heime. Du kan også sortera ut plastemballasje og glas- og metallemballasje og kostnadsfritt levera dette til miljøsentral/returpunkt.

## Bruk innerpose i biodunken

Å ha ein innerpose av mais i biodunken, vil motverka problema med flugemakk sommarsdagen. Maisposane kan kjøpast i daglegvarehandelen eller hjå SIM og kan kastast i lag med bioavfallet. Godt reinhald av dunken med spyling etter kvar tømning vil også motverka flugemakken. Biodunken bør stå i skuggen, og bioposane lukkast godt igjen.



## Opningstider miljøsentralane 2012

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Páskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdaalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Páskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar, Svartasmoget

Måndag kl. 10.00–18.00.

Páskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00–18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00–13.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Páskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Stord, Heiane miljøsentral

Måndag–fredag kl. 10.00–18.00

Laurdag kl. 10.00–14.00

Páskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Páskeaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

